

The background is a dense, light green collage of various botanical illustrations. It includes a large central flower with many small, pointed petals, several clusters of elongated, seed-like structures, and a detailed view of a plant's internal structure at the bottom right. The overall tone is scientific and artistic.

TILLER OG LESARANE

Katalog til utstillinga *Innanfrå, utanfrå* –

Carl Frode Tillers litterære metode



Innhald

Ruth Lillegraven
Frå *Skråninga* til
Begynnelser:
Bøker som røskar
side 4

Anemari Neple
Oversyn og avmakt:
Carl Frode Tiller og
livsveven
side 6

Eivind Myklebust
Tillers Herbarium
side 11

Siri Beate Gjerde
Menneska
side 14

Anemari Neple
Heftig og beskjeden:
Kritikaryndlingen Tiller
side 18

Carl Frode Tiller
Min metode
side 24

Bibliografi
side 26

Det er ikkje til å kome utanom at Carl Frode Tillers mørke, nervepirrande og kvardagslege forteljingar treffer forfattarkollegaer, kritikarar og publikum. Ruth Lillegraven, forfattar og tidlegare festspel-diktar, meiner at det er få som skildrar kranglar og kommunikasjonssvikt like godt som Tiller. For kritikar Eivind Myklebust minner bøkene til trønderen om blomar og jord, natur og død – og sommaren Myklebust var sivilarbeidar i Ørsta. Siri Beate Gjerde, bibliotekar i Aasen-tunet, omtaler kort og godt Tillers litteratur som kjensler på papir.

Denne utstillingskatalogen er ein del av temautstillinga *Innanfrå, utanfrå – Carl Frode Tillers litterære metode*. Her får du vite meir om kva forteljingane til Tiller betyr for eit utval lesarar. Du kan også lese kva Anemari Neple, førsteamanuensis ved Høgskulen i Volda, har funne ut når ho har undersøkt kva det er som gjer Tiller til ein kriti-karyndling, og korleis skjebnen er ein viktig del i forteljingane hans.

Heilt til slutt kjem forfattaren sjølv til orde. For korleis er det eigentleg han går fram når han skriv?

God lesnad!

Bøker som røskar

Ruth Lillegraven



RUTH LILLEGRAVEN
(f. 1978) er forfattar av
romanar og dikt. Ho var
festspeldiktar under Dei
nynorske festspela i 2016.

Carl Frode Tiller skriv seg så tett på personane sine at både trivialitetane og draumane deira blir våre.

Det psykologiske spelet og den gradvise avdekkinga gjer bøkene til Tiller vel så spennande som nokon thriller. Ingen kan betre skildre kran-
glar og kommunikasjonssvikt, korleis eit lite ord tek eit anna og plutseleg
blir til noko katastrofalt som ikkje lét seg stanse, kor vanskeleg det er å vere
familie, korleis svik og kjærleik går hand i hand. Tiller viser oss dessutan
kor inderleg einsame vi menneske ofte er, også saman med andre. Men det
er også rikeleg med humor i tekstane hans, og det er håp i det håplause.

Det er godt gjort å skrive så realistisk, så konkret, så tilsynelatande lett
og kvardagsleg som Tiller gjer, og samstundes seie så mykje eksistensielt og
allmennmenneskeleg. For meg handlar bøkene hans om dei store spørsmå-
la: kven ein er og kvar ein kjem frå. Korleis forsone seg med den ein er blitt,
med alt det som ikkje blei som det skulle? Og ikkje minst: Kva er sant, og
kva er usant? Alle har vi ulike versjonar av felles fortid og opplevingar,
sanninga skiftar med kven vi spør.

Den første boka eg las av Carl Frode Tiller, var debuten hans, *Skråninga*.
Sommaren 2001 hadde eg både kjærleikssorg og trøbbel på den nye jobben
min. Eg var heime i Granvin på ferie, utan særleg mykje å ta meg til. Det
regna, som det gjerne gjer i Hardanger. Eg fann ut at eg laut prøve å kose
meg med ei god bok, og fann fram den nyleg utkomne *Skråninga*. Lesaropp-

levinga blei alt anna enn koseleg. Dei som har lese boka, skjønar kva eg
meiner. Etterpå sat eg mørbanka og skjelvande att, meir deprimert enn i
utgangspunktet. Men eg vil alltid hugse *Skråninga*. Det er ikkje så mange
bøker ein kan seie det om.

Den siste boka eg las av Carl Frode Tiller, var *Begynnelser*, hans til no
siste. Ho var så fin at eg måtte skrive til forfattaren etterpå og takke. Men
først irriterte boka meg. Eg hadde ikkje lyst å vere med på denne deprime-
rande reisa bakover i tid. I ettertid står *Begynnelser* som ein påle for meg,
og slutten er noko av det beste eg har lese.

For første gong spelar naturen ei viktig rolle i Tillers bøker, og det kjen-
nest som om ei ny åre er opna i forfattarskapen. Ein liten, snart utrydda
blom gjer djupt inntrykk, som var han eit forsvarslaut, kidnappa barn. Na-
turen og døden – for meg er det dette denne boka handlar om. Sjølv tenkjer
eg på døden mange gonger om dagen. Eg fryktar han, både for eigen og
andre sin del. Men måten Carl Frode Tiller her skildrar det å døy på,
blei for meg ei stor trøyst – midt i ei bok som riv og røskar, slik *Skråninga*
gjorde i si tid. 🌿

Carl Frode Tiller og livsveven

Anemari Neple



ANEMARI NEPLE (f. 1980)
arbeider som førsteamanu-
ensis i nordisk litteratur ved
Høgskulen i Volda.


Naturvernaren Terje er høgt utdanna og ressurssterk. Han har ein jobb han brenn for og ein familie han elsker. Men i løpet av nokre få månader raknar livsgrunnlaget hans, og han tek sitt eige liv i ei impulshandling. Kvifor skjedde dette? Spørsmålet følgjer lesaren gjennom heile Carl Frode Tillers siste roman *Begynnelser* (2017). Romanen er fortald i omvend kronologisk rekkjefølgje, og det er Terje sjølv som er forteljar. Det gir lesaren ei kjensle av oversyn, sidan vi trass alt veit korleis det går til slutt, men også avmakt, sidan vi må lese både framlengs og baklengs om vi verkeleg skal forstå romanen og hovudpersonen. Og sidan lesaren tidleg er klar over at Terjes historie endar i tragedie, blir det viktig å forstå korleis det kunne ende slik.

ORDEN OG KAOS

Ei forteljing kan gi kjensle av orden i kaos, og livet kan vere ein kaotisk affære. Det er derfor ikkje til å undrast over at mennesket tidleg kjende trong til å lage historier som kunne forklare dei grunnleggjande spørsmåla om livet, døden og dei brå vendingane undervegs. I 2013 fekk Ruth Lillegraven Brageprisen for diktsamlinga *Urd*, som fortel saga om Cecilie og Seselja. Dei to kvinnene lever på ulike tidspunkt. Dei snakkar ikkje med kvarandre, men er bundne saman på forskjellig vis. Kvar på sin måte spinn historiene deira trådar i den veven som diktsamlinga – og livet – er.

Førestillinga om livet og skjebnen som ein tråd er innvoven i tittelen: I den norrøne mytologien er Urd ei skjebnegudinne «som sit ved brønnen Urdarbrunn ved verdstreet Yggdrasil. Urd (fortid), Skuld (framtid) og Verdande (notid) spinn på skjebnetrådene til alle menneske og æser. Dei er alltid til stades når eit barn blir født, og bestemmer kva liv det skal få.»¹ Denne urgamle referansen er ikkje vald tilfeldig: For om fortida og notida i Lillegravens *Urd* er forskjellige, deler Seselja og Cecilie eit sårbart grunnvilkår som også lesaren kjenner på kroppen: Dei rår ikkje over sin eigen skjebne. Førestillinga om skjebnegudinnene vitnar om ei avmakt som menneske har kjent på til alle tider. Og så stor kan ho bli at det kan vere trøyst å hente i mytane om at det er krefter utanfor oss sjølve som spinn skjebnetråden vår.

I Carl Frode Tillers bøker er førestillinga om skjebnegudinnene tilsynelatande fjern. Skjebnetrådene i Tillers romanar er danna av andre fibrar: Det er oppvekstvilkåra, familierelasjonane og svik i ulike former som legg føringane for dei fleste, om ikkje for alle karakterane. Det sårbare barnet står sentralt hos Tiller, utlevert som det er til manipulerande omsorgspersonar som ikkje klarer å forvalte det ansvaret dei har fått. Barnet må bere konsekvensane av desse svika resten av livet, anten det vil eller ikkje. I *Begynnelser* blir dette også eit berande motiv: Terje ønskjer å bryte ut av dei destruktive mønstra som har prega oppveksten hans. Han vil ikkje sjølvmedisinere seg, som den alkoholiserte mora, eller ta på seg rolla som offer, som den deprimerede søstera Anita.



I staden går han opp i arbeidet sitt som naturvernar i fylkeskommunen. Han gifter seg og stiftar familie, og i mange år går det bra. Men han slit med å kontrollere temperamentet og kjenslelivet generelt. Han foraktar det sentimentale og køyrer stadig rundt i bilen sin utan mål og meining, på veg vekk frå eit mørker som trugar, og som han vegrar seg for å konfrontere.

STIGANDE UBEHAG

Romanen *Begynnelser* har (minst) to byrjingar: Byrjinga på romanen er slutten på livet. Byrjinga på livet er slutten på romanen. Mellom desse merkesteinane kjenner lesaren på eit stigande ubehag. Vi må ha inngåande kjennskap til romanuniverset om vi skal finne meining i det som skjer. Ved første gongs lesing er det knapt mogleg. På denne måten viser Tiller oss korleis lesaren forventar at ei forteljing skal gi ei kjensle av heilskap og samanheng, gjennom å gi det stikk motsette. Som ein konsekvens av dette blir lesaren og Terje tett samanheng, sidan heller ikkje Terje forstår kvifor han reagerer som han gjer og situasjonane utviklar seg annleis enn han ønskjer. I Terjes tilfelle er årsaka at han har fortrenge episodar og kjensler som har vore med på å forme han som person. I lesarens tilfelle er det romanforma som skaper ein tilstand som kan minne om fortrenging.

I *Begynnelser* er det mangel på oversyn som kan gi ei nesten klaustrofobisk kjensle. I *Innsirkling*-trilogien skjer noko liknande på makro-nivå, sidan lesaren lenge svevar i uvisse om kven David eigentleg er. Men på mikro-nivå, det vil seie i dei ulike delane, skjer det motsette: Her blir lesaren ofte den einaste som har eit slags oversyn, sidan vi både har tilgang til dei ulike eg-personane sine presensforteljingar og breva dei skriv til David.

I byrjinga av *Innsirkling 1* følgjer vi Jon. I notid er han hardt pressa. Han kjenner seg ikkje komfortabel med nokon av dei han står i relasjon til – ikkje bandet og ikkje familien. Men gjennom brevet til David møter vi Jon i ei anna rolle, som forteljar. Han fortel historia deira frå ettertidas

perspektiv. Her har han oversyn og trekkjer linjer. Vendt til David fortel Jon også si eiga historie, den han ikkje kan fortelje til eks-sambuaren Wenche. Når ho spør kvifor han har så dårlege relasjonar til familien, eller kvifor han behandla ho som om ho ikkje eksisterte då dei var i lag, svarer Jon berre på spørsmåla ved å gå til verbale motangrep. Men i brevet til David viser han indirekte lesaren kvifor det har blitt slik.

SKJEBNETRÅDEN

Også Terje blir til slutt forteljar av si eiga historie, men i kraft av det kronologiske grepet får denne rolla ein annan funksjon enn i *Innsirkling*-trilogien. Eit gjennomgåande motiv i *Begynnelser* er at Terje heile tida føler at nokon observerer han. Det blir dels forklart i romanen som ein kjend psykologisk tilstand, men det er også mogleg å trekkje det lenger: Om vi tek framstillinga på alvor, er det *forteljaren* Terje som observerer romanpersonen Terje, og ved nærare ettertanke er det då Terje (som død) som observerer Terje (som levande). Det gir ein ekstra dimensjon til romanuniverset, sidan forteljarens perspektiv frå ettertida blir definitivt, samstundes som framstillinga insisterer på å vere like så kaotisk som det levde livet kunne vere.

Som forteljar spinn Terje sin eigen skjebnetråd baklengs. Like fullt kan lesaren gripe seg i å tenkje på skjebnegudinnene ved Yggdrasil når vi følgjer han i kampen for å ta kontrollen over liv og skjebne og lengte etter ei kjensle av samanheng han berre finn i naturen. På den eine sida kan ein seie at det er godt gammaldags overmot når Terje trur han kan bryte seg fri frå skjebnen sin. Dette inntrykket blir ytterlegare forsterka når vi forstår at han har prøvd å gjere dette ved å utrydde dei såre kjenslene som oppveksten har ført med seg. For biologen Terje veit at det er fatalt å forstyrre balansen i økosystemet, der alle organismar er avhengige av kvarandre for å eksistere. I *Begynnelser* blir dette ståande som ettertidas tause innsikt, i det romanen viser at livet gir oss nokre vilkår vi ikkje kan avskrive utan å miste nett den fridomen vi søker. 🌿

1 Ruth Lillegraven, *Urd*.
Oslo: Samlaget 2013



Tillers Herbarium

Eivind Myklebust

Eg hadde ikkje råd til hardback-bøker då Carl Frode Tillers *Innsirkling* kom ut i 2007. Men ein gong før sommaren 2008 kom boka i pocket, og eg hadde blitt sivilarbeidar og byrja å få dagpengar. Eg var ein av dei siste sivilarbeidarane i Noreg, men knapt blant dei mest engasjerte. Eg hadde byrja å lese, og mentalt var eg på veg inn i litteraturen og ut i verda. Reint fysisk var eg stasjonert på ein barneskule i Ørsta, og om sommaren, då lærarane tok ferie og ungane fekk fri, blei eg plassert i park-etaten for å vere meir eller mindre til nytte der. Eg plukka søppel i sentrum, klipte kommunale hekkar, planta blomar i parkanlegg og slo graset på kyrkjegarden. Nokre gonger var eg med og grov att graver.

Den siste gravferda for dagen var ferdig etter at arbeidsdagen vår var over, og eg og kollegaen min blei lett litt utolmodige, der vi stod og hang over kyrkjegardsgjerdet og venta på tur. Eg hadde heldigvis *Innsirkling* i lomma på arbeidsbuksa, og i ledige stunder plukka eg fram boka og las. Eg forsvann inn i forteljingane om David, som har mista hugsen og ber folk om å skrive og fortelje kven han er. For ein ung mann som også var på leit etter identiteten sin, var det lett å gløyme tid og rom. Men så var gravfølgjet ferdig og kollegaen klar. Blomane var knapt lagde på kista, før kista skulle senkast ned og jorda kastast på: Av jord er du komen, til jord skal du bli – og det i ein fart! Sidan då har Tillers bøker vore knytt til blomar og jord for meg, og gjennom blomane og jorda til naturen og døden.



Eivind Myklebust (f. 1988)
er litteraturkritikar i
Klassekampen.

Difor treffer *Begynnelser* meg så sterkt. Romanen handlar om miljøvernaren Terje, som tek vare på naturen, men ikkje seg sjølv. Han går tapt i si eiga familiehistorie, sine eigne relasjonar, si eiga fortviling over tapet av natur. I opninga har han teke livet sitt, og han fortel historia si frå den andre sida, feil veg, slik at døden er byrjinga og fødselen slutten.

Slike formgrep og forteljeteknikkar kjenner eg att frå Tillers tidlegare bøker. Også dialogane, som pirkar og grev i vonde familierelasjonar, er velkjende. Men i *Begynnelser* nærmar Tiller seg òg noko framandt og nytt, i stemningar som minner om Jon Fosses litteratur. Det er noko nesten overnaturlig i naturen her, som sender lesaren inn blant skuggane mellom det menneskelege, det dyriske og det naturlege. Men Tillers naturmystikk er ikkje svermerisk: Den kviler på kunnskap om utryddingstrua artar, som elvemusling og elvesandjeger, slimsopp og sommarfuglar, trønderflekklav og sørleg tinderublom.

I barndomen gjekk Ivar Aasen rundt og plukka blomar i Hovdebygda, og i tida på Solnør samla han plantar til eit herbarium. I Tillers herbarium får dei utryddingstruga plantane plass, som ei påminning om døden, om det som kan bli borte. Ein stad plukkar Terje ut ein blome som far hans la til press i ei bok ein sommardag på 1970-talet. Blomsterstøvet kvervlar opp, og Terje nys tre gonger. «Vi var i gravferda til far min», står det seinare i forteljinga, altså tidlegare i boka: «Akkurat idet presten sa av jord er du komen, til jord skal du bli, kjente eg eit lite klapp på den høgre skuldra.» Han snur seg, men det er ingen der. Skrifta får eit drag av mystikk i seg – er det far hans? – men det varer ikkje lenge: Det er ei låvesvale som har gjort frå seg på skuldra hans.

Skrifta til Tiller glid mellom levande og døde, mellom menneske, plantar og dyr. Han gjer oss medvitne om krinsløpet vårt og minner oss på kva det står om i den pågåande klimakrisa: Det står om eksistensen. 🌿





Menneska

Siri Beate Gjerde



SIRI BEATE GJERDE
(f. 1975) er bibliotekar i
Ivar Aasen-tunet.

Ein kjem nær menneska i litteraturen til Tiller. Ein finn heile skjebneforteljingar i linjer og avsnitt. Språket er som eit rotfeste, det knyter seg så ein ikkje sluttar å lese før siste punktum er sett. Orda er som angst, dei er kjensler på papir. Dei djupaste spora vil eg løfte fram her.

Vi veit at barn er lojale mot foreldra sine, nesten uansett kva dei blir utsette for. I *Skråninga* kjem denne grenselause lojaliteten fram hos guten som fortel:

Det lukta sprit av far min no. Han la hovudet på skakke og såg på meg mens han strauk meg forsiktig over håret. Eg angra slik på at eg hadde ønskt han daud. Far min hadde vore snill mot meg den siste tida, og eg ville ikkje at han skulle døy.

Ein blir ikkje alltid rundare i kantane med alderen. Marselius i *Bipersonar* tenkjer på dei som hadde vore svigerforeldra hans, og den fråskilde kona si Sakrine. Tankane hans viser at anger, svik og sinne kan bli eit livslangt svangerskap:

Og no er det altså yngsteddottera som ligg innspikra i kiste og som folk skal stå og sørge over, og apropos sørge; finnest det eit liv etter dauden så kan eg tenke meg at ho Sakrine sjølv er ekstra sur og tverr i dag, for dette må vere første gongen på år og dag ho går glipp av ein sjanse til å vere nitrist og vise for heile bygda kor proppfull av kjensler ho er.

I *Innsirkling* 2 skriv Ole til David om korleis han opplevde å vere forelska, men ikkje bli sett. Korleis det var å ha ein kompis som David, som alle ville vere saman med. Eg kjenner vonbrotet så godt når eg les kva Ole fortel:

De møtte blikket til kvarandre og heldt det eit sekund eller to, og så blunka Karoline og såg ned i graset, akkurat som ho skulle, ho venta litt, og så såg ho opp på deg og smilte igjen. Å, det var vondt å sjå på dette, og eg hadde god lyst til å forstyrre med eit spørsmål som var tatt ut av lause lufta der eg stod, men eg gjorde det ikkje, eg skulle slutte å narre meg sjølv no, eg hadde ikkje noko å stille opp med [...].

Når avgrunnen ikkje lèt seg lukke mellom Terje og Turid i *Begynnelser*, sjølv om det er det einaste dei ønskjer:

Eg snudde meg over på den andre sida og trekte dyna heilt oppunder haka. Eg vart liggande og sjå i veggen. Turid hadde begynt å gråte igjen. Ho snufsa med ujamne mellomrom. Trongen til å seie det eg visste ho lengta etter å høre, voks i meg, men eg greidde framleis ikkje å trøste henne. Eg opna munnen, men det kom ikkje noko. Eg såg for meg ord som storkna på veg ut, gode ord som vart verande i meg. Eg låg heilt stille, og med vidopne auge.

Det er ingen tvil om at personane til Tiller har sett spor i meg. Han skriv fram lys og mørke på ein måte som gir ein saumlaus kommunikasjon med meg som lesar, og eg kjenner at dette er litteratur eg skal bere med meg for alltid. Guten i *Skråninga*, Marselius, David, Terje og Turid. Dei er ikkje lenger personar i ei bok, men minne, nokon eg kjenner, meg sjølv og nokon eg vil møte i framtida. 🌿

Kritikaryndlingen Tiller

Anemari Neple


Når Carl Frode Tiller gir ut ein ny roman, summar det av forventning i avisredaksjonar over heile landet. Lenge før boka har nådd hyllene hos bokhandlarane, troppar journalistane opp i Trondheim der forfattere bur. Dei følgjer han ned til kontoret i kjellaren, ut på tur med hunden og heim igjen til lunsj. Dei spør og noterer om arbeidsrutinar (ni til fire), smarttelefon (nei), klassereise («Jeg fikk inntrykk av at alle hadde vokst opp med smale tidsskrifter i hylla, mens hjemme hos oss lå NAF-boka.») og favorittduppedit («Kan jeg si øks?»). Carl Frode Tiller har blitt ein av dei forfattarene journalistane lagar forteljingar om. Det er eit klart uttrykk for den posisjonen han har i norsk litteratur på 2010-talet. Men det vitnar også om ein fascinasjon for at han som skriv desse bøkene, den eine dystrare enn den andre, lever eit tilsynelatande harmonisk liv i ei koseleg stove, med kone, tre barn og attpåtil ein godbit i kjøleskapet: «Snart hører vi romstering på kjøkkenet, før det kommer litt nølende: – Æ har nån kannelboilla her ...?»

«SUVEREN AUTORITET»

Kontakten med kritikarane var der frå første bok. «Det er sjeldan ein debutant står fram med slik kraft som Carl Frode Tiller», skreiv Oddmund Hagen om *Skråninga* (2001) i Dag og Tid. «Han er ferdig utvikla som forfatter frå første side, og han formidlar stoffet med suveren autoritet og litterær finesse.»

Hagen trekte parallellar mellom Tiller og den unge Hamsun: «Skildringane av eit hallusinatorisk og febrilsk menneskesinn gir fort assosiasjonar i retning av Hamsuns *Sult*, men ingen ting av dette verkar usjølvstendig og imiterande, snarare tvertom; det ligg der som nødvendig basis for Tillers eigen tekst.» Boka blei omtalt som ein «Liten sensasjon» (Morgenbladet) og som ein «Storarta, mollstemt debutroman» (Stavanger Aftenblad). Ho fekk Tarjei Vesaas' debutantpris og blei nominert til Brageprisen. Det var med andre ord mange som kunne slutte seg til Oddmund Hagens konklusjon: «Eg ser med stor forventning fram til Carl Frode Tillers neste bok.»

Også *Bipersonar* (2003) blei møtt med eit heftig, til tider fysisk engasjement. «Det er partier her som gjorde meg så opphisset og urolig at jeg måtte legge boka fra meg for å gå kriblingen ut», skreiv Espen Stueland i Klassekampen, og la til: «At romanen får fram slike fysiske kvaliteter, er nok grunnen til at jeg ble litt ilter da Tiller startet å metafisere og slik sett koddde med bipersonene.» Tematikken i boka var nærskyld debuten, men romanen hadde også eit fiksjonsbrot der forfatteren Arnt kommenterte forteljinga og dermed tvinga lesaren til omstilling eit stykke ut i handlinga. Dette grepet er sidan utvikla til å bli eit leiemotiv i forfatterskapet: Alt kan endre seg i Tillers bøker, og lesaren må derfor vere på vakt. Slik er det også i hovudverket *Innsirkling*: trilogien der ulike eg-personar sirklar inn seg sjølv, den mystiske David og jamvel Noreg frå 1970-talet og fram til i dag.



«EIT REALISTISK RÅSKINN»

«Tiller lever opp til sitt ry som en av de mest interessante outsiderne», skreiv Stueland i 2003. Dette skulle endre seg fire år seinare. Då kom *Innsirkling 1*, og Tiller blei for alvor ein innsidar i samtidslitteraturen. Boka fekk begeistra meldingar frå dei største avisene, ho fekk mellom anna Brageprisen og Kriticarprisen, og Tiller blei for første gongen nominert til Nordisk råds litteraturpris. På slutten av året var han ein gjengangar på listene over favorittane til kritikarane, og Adresseavisen kunne konstatere at boka hans låg på bestseljarlistene «til tross for at den er skrevet på nynorsk og inneholder mange uavklarte spørsmål.» Sidan følgde *Innsirkling 2* (2010) og *Innsirkling 3* (2014). Superlativa hagla, sjølv om alle ikkje var like begeistra for den noko overraskande og håpefulle slutten.


«Carl Frode Tiller er eit realistisk råskinn», skreiv ein kritikar om *Innsirkling 2*. Og trilogien er til tider utmattande lesing. Dialogar som skjer seg, svikt i alle ledd og aggresjon som byggjer seg opp, er viktige komponentar i alle bøkene. På det beste og mørkaste vibrerer det nesten av kvar side. Lesaren held pusten. Alt kan bryte saman kva tid som helst. Heller ikkje strukturen er stabil, noko Jan Inge Sørbo peikar på når han skriv Tiller inn i *Nynorsk litteraturhistorie*: «I Tillers forfattarskap er det ein balansegang mellom ein intens verdshunger på den eine sida og ein like intens sjølvrefleksjon på den andre. Det siste syner seg i forteljemåten, i oppløysinga av

Tekst, musikk og det sceniske blir sidestilt. Det blir like mye teater som konsert, samtidig som det er mye film blandet inn i dette. Det er mange inntrykk på en gang, så sånn sett er forestillinga veldig spesiell [...].

– Carl Frode Tiller til Namdalsavisa 29.8.2016.

Begynnelser var egentleg eit teaterstykke som Tiller skapte for Trøndelag Teater i 2016 saman med teatergruppa De Utvalgte og Motorpsycho. Til høgre: Motorpsycho under framsyninga av *Begynnelser* på Trøndelag Teater.





det ein trudde var trygge rammer for forteljinga, i kakofonien av stemmer som motseier kvarandre, og i dei mange sjølvmotseiande opphavshistoriene til denne David – eit namn som ein gjerne tenkjer på som opphavet til ei stor ætt.»

INTENSITET OG NERVE

Det er ein intensitet og ein nerve som pregar resepsjonen av Tiller, og som vitnar om at bøkene hans evnar å ta pulsen på samtida. Merksemda i media handlar då også gjerne om dei tematiske trådane i romanane hans, frå vald og omsorgssvikt via den moderne mannsrolla til klimakampen. Alt medan Tiller sjølv minner om at for han er dei formale sidene ved litteraturen, som språk, stil, musikalitet og karakterutvikling, vel så viktige som tematikken.

Atten år etter debuten har Tiller etter kvart fått eit kritikarkorps som følgjer forfattarskapet hans med stor interesse. Dei lever seg inn i bøkene,

diktar vidare på dei og set dei inn i ulike kontekstar. Sindre Hovdenakk i VG og Merete Røsvik Granlund i Dag og Tid er gode eksempel. Om *Innsirkling* 3 skreiv sistnemnde: «Den overspente tolkinga av det sosiale spelet kan vere trøytande, men det dempar ikkje begeistringa mi for boka, sidan hyperrefleksjonen er ein viktig del av både stilen og tematiseringa av sosial makt.» Og mens Tiller som ung forfattar helst ville unngå bokbad og opplesingar, kan lesarane i dag møte han på ymse litteraturhus rundt om i landet, på litteraturtoget med kronprinsesse Mette-Marit og på schizofrenidagane med Finn Skårderud. Ein forfattarsamtale med Tiller er prega av latter og begeistring. Og framleis har han ei lun og beskjeden framtoning som står i kontrast til dei opprivande bøkene han skriv.

Det går ei klar linje i Carl Frode Tillers forfattarskap frå *Skråninga* (2001) til den førebels siste romanen *Begynnelser* (2017). I sentrum finn vi det sårbare barnet, utlevert til foreldre som svik. Og vi erfarer korleis desse svika får store konsekvensar. Samstundes har Tiller alltid vore oppteken av å fornye seg. I *Begynnelser* er den biologiske tematikken eit nytt moment, som gir boka ein politisk dimensjon. Tiller har fortalt at hovudpersonen Terje opphaveleg skulle vere tilsett i barnevernet. I så fall er det grunn til å tru at romanen kunne ha vore oppfatta som repeterande. Men det fungerte ikkje, og Tiller greip seg sjølv i å tenkje meir og meir på fuglar og blomster. Terje enda som miljøforkjempar i fylkeskommunen, og sjølvmordet hans (som kjem alt i det første kapittelet) blir spegla av det kollektive sjølvmordet som følgjer av at menneska ikkje evnar å ta vare på livsgrunnlaget og naturen. Atter ein gong var Tiller kritikarfavoritt. Atter ein gong var han nominert til Nordisk råds litteraturpris. «Ved avsluttet lesing hadde jeg umiddelbart lyst til å begynne på nytt for å oppleve hvordan hele denne historien vil forandre seg lest i «riktig» rekkefølge. Og for å få et gjensyn med alle de underlige artene som er i ferd med å forsvinne fra jordens overflate», skreiv Ingunn Økland i Aftenposten. Ringen er ikkje slutta, korkje for Tiller eller lesarane hans. 🌿

- 1 Miriam Lund Knapstad: «Arv og adjø». Aftenposten 16.11.2017
- 2 Liz Buer: «Kommunisme, karsk og Kristus». Dagens Næringsliv 8.12.2007
- 3 Ibid.
- 4 Oddmund Hagen: «Sjeldan debut». Dag og Tid 25.5.2001
- 5 Espen Stueland: «Faenskap på bøgda». Klassekampen 15.10.2003
- 6 Trygve Lundemo: «Suksess uten klare svar». Adresseavisen 3.12.2007
- 7 Alf Kjetil Waglemo: «Eit realistisk råskinn». Vårt land 1.11.2010
- 8 Jan Inge Sørbo: *Nynorsk litteraturhistorie*. Samlaget 2018, 269
- 9 Merete Røsvik Granlund: «Han har oss no». Dag og Tid 22.8.2014
- 19 Ingunn Økland: «Rått og vakkert portrett av destruktiv idealist». Aftenposten 17.11.2017

Min metode

Carl Frode Tiller



CARL FRODE TILLER
(f. 1970) er fødd i Namsos
og utdanna cand.philol.
med historie hovudfag.
Sidan han debuterte i
2001, har han skrive i alt
ti skodespel og romanar.

Eg legg sjeldan eller aldri planar når eg skriv. Eg har prøvd, men det fungerer ikkje for meg. Det blir ikkje ordentleg litteratur av det. Det blir stivt og statisk, og i tillegg er det frykteleg kjedeleg å alltid vite kor ein skal i skriveprosessen. Om eg skal skrive godt, må eg eksperimentere. Eg må leike og improvisere, prøve og feile, vere open for å følgje dei innfalla og idéane eg får undervegs. Og då snakkar eg ikkje berre om idéar som går på det reint innhaldsmessige, men også om det som dreier seg om stil og form.

Eg kan ta eit eksempel. Debutromanen min *Skråninga* er ein roman om ein ung mann som sit på psykiatrisk institusjon, der han ser tilbake på eit liv prega av omsorgssvikt, rus, kriminalitet og psykisk sjukdom. Men lenge var det ei bok om ein einsam og litt sosialt mistilpassa student. Denne einsemda ville eg blant anna understreke ved å skrive berre

heilsetningar. På same måte som hovudpersonen min levde eit innestengt liv, ville eg altså stengje alle setningane mine inn mellom to punktum. Det var ein tullete idé, og det fungerte ikkje i det heile tatt. Men det var likevel ein fruktbar idé, for med berre heilsetningar fekk teksten eit forrykande høgt tempo, og då eg las gjennom det eg hadde skrive, fekk eg kjensla av paranoia og frykt, ja eg fekk kjensla av å vere inne i hovudet på ein psykisk sjuk person. Og då var det berre å begynne på nytt, denne gongen med hovudpersonen innestengd på psykiatrisk sjukehus.

Det er slik eg arbeider heile tida. Leik og eksperimentering med form får konsekvensar for innhaldet. Og leik og eksperimentering med innhaldet får konsekvensar for form igjen. Slik blir skrivinga ein einaste lang hermeneutisk prosess. 🌿

Carl Frode Tillers litterære produksjon

Skråninga, roman 2001

Bipersonar, roman 2003

Innsirkling, roman 2007

Folkehelsa, skodespel 2007/2009

Skråninga, skodespel 2004/2010

Innsirkling 2, roman 2010

Portrett av ein varulv, skodespel 2011

Innsirkling 3, roman 2014

Kven er redd, skodespel 2015

Begynnelser, roman 2017

Katalog til utstillinga «**Innanfrå, utanfrå – Carl Frode Tillers litterære metode**», som **var**t opna i Ivar Aasen-tunet 13.6.2019.

© Nynorsk kultursentrum 2019
nynorsk.no

Tekst: Anemari Neple, Ruth Lillegraven,

Eivind Myklebust, Siri Beate Gjerde

og Carl Frode Tiller

Fagleg medverknad: Anemari Neple

Utstillingsansvarleg: Guro Solheim

Ansvarleg redaktør:

Per Magnus Finnanger Sandsmark

Grafisk form: Aina Griffin

Trykk: Colormaster AS

Utstillinga er finansiert av Bokåret 2019

ILLUSTRASJONAR OG FOTO

Omslag: Fra Paléontologie française ser. 1, 1840–1894
Biodiversity Heritage Library

Side 24–25: Ulisse Aldrovandi (1522–1605)

Side 5: iStock.com

Side 10, 13, 27: Aina Griffin

Carl Frode Tiller © Therese Alice Sanne

Ruth Lillegraven © Agnete Brun

Anemari Neple © Julie Pike

Eivind Myklebust © Tuva Maria Engdal

Siri Beate Gjerde © Oddny Nupen Aarflot

Motorpsycho/Trøndelag Teater © Ole Ekker





Ivar Aasen-tunet

aasentunet.no